

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

v/Ålesund kommune

postmottak@alesund.kommune.no

Kopi til

sfmrpost@statsforvalteren.no

Ålesund 03.03.2021

GNR 314/15 – NYDYRKING - KLAGE

Vi viser til dykkar ref. 20/11404

Vi klager på vedtaket som er gjort ved brev av 12.2.2021. Vi blei klar over vedtaket 16.2.2021.

Vi meiner at det er gjort fleire sakshandsamingsfeil slik at vedtaket er ugyldig. Vi krev at manglene blir retta opp og at det etter det blir gjort nye vurderinger og nytt vedtak.

Naturvernforbundet i Ålesund og omegn har som hovudsak å arbeide med biologisk mangfald. Vi har såleis rettsleg interesse knytt til saka. Viss det er spørsmål om vår klagerett, så kan vi gjere greie for denne på nærare førespurnad.

Dei mest vesentlege feila er

- Det er krav om konsekvensutgreiing av tiltaket
- Søknaden kom før endringa av myrdyrkingsforskriften, slik at søknaden skal handsamast etter ein tidlegare versjon av forskrifta.
- Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova.
- Saka er heller ikkje skikkeleg opplyst før det er gjort vedtak. Truleg er manglane såpass omfattande og vesentlege at krava til sakshandsaming i forvaltingslova ikkje er oppfylt.

REGLANE OM KONSEKVEN舜UTGREIING

Arealet som er omsøkt er på 49,9 dekar. Viss ein søknad gjeld meir enn 50 dekar, er det krav om konsekvensutgreiing i alle fall. Når arealet er under grensa på 50 dekar, skal det vere ei vurdering etter Forskrift om konsekvensutgreiing, vedlegg II, pkt 1b

Prosjekter for bruk av uoppdyrkede landområder eller delvis naturlige områder til intensivt landbruk, herunder nydyrking på mer enn 50 dekar. Også mindre tiltak skal behandles etter kapittel 5 og 6 dersom det ikke kan utelukkes at tiltaket kan få vesentlige virkninger for naturmangfold eller andre viktige miljøhensyn.

For å avgjere om tiltaket kan få vesentlege verknader, skal kriteria i forskrift om konsekvensutredninger § 10 leggest til grunn.

I forskrift om konsekvensutgreiing § 10 finn vi:

Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:

- truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv

I denne saka finst det både truga naturtypar og truga artar.

Nydyrkingsforskrifta

Forskrifta er revidert. Noverande forskrift gjeld søknader som er komen til handsaming etter 2.6.2020. Søknaden i denne saka ser ut til å vere frå 21.5.2020, og skal difor handsamast etter forskrifta som var gjeldande på søknadstidspunktet. Det vil seie at forbodet om nydyrking av myr ikkje gjeld. Også den gamle forskrifta hadde med at det skal takast omsyn til biologisk mangfald.

Det er i sakshandsaminga bedt om ein dokumentasjon av areal som har gått ut av produksjon og som skal erstattast med nydyrking.

Det ser ut til å vere fire årsaker til mangelen.

1. Offentleg vegbygging i området
2. Friviljug avståing av areal til vindkraftbygging
3. Tap til anna
4. Etablering av større fjøs – behov for meir jord

Til pkt. 1: Vi har fått opplysningar som gjer at vi er i tvil om arealet er rett.

Til pkt. 2 vil vi seie at vindkraftaktøren og grunneigaren ikkje kan gjere avtale og rekne med at naturen kan betale i form av ny jord.

Til pkt. 3 vil vi seie at naturen sin betalingsevne er ikkje noko større når bonden ikkje kan gjere greie for korleis jorda er mista.

Til pkt 4 vil vi seie at det ikkje er ein menneskerett å bygge nytt fjøs. Sidan ein i dag må ha større einingar for eit levebrød, vil det også bety at det er færre som kan ha dette som levebrød. Nederlendarane har rett nok bygd diker i havet for å utvide naturgrunnlaget, og dyrka sump og myr. Men etter ein del tiår har dei sett at dette ikkje går bra, og restaurering av sump og myr er no i gang. I staden for å øydelegge myra og så reparere ho seinare, må vi heller unngå å øydelegge myra. Då kan det bli nødvendig å seie nei til ekspansjonsplanar i landbruket, eller vise interessene til andre stader. Haramsøya blir ikkje noko større, sjølv om det finst fleire unge og handlekraftige bønder.

Areala er ikkje merka av på kart. Vi er heller ikkje sikker på om areala kan stemme heilt. I ei sak som denne bør ein minimum kunne vente at tapte areal er merka av på kart, så ein lettare kan vurdere kva areal som eventuelt kan vere aktuell i grunnlaget for nydyrkingskravet.

Kompenserande tiltak

Etter nydyrkingsforskrifta § 4, 2. ledd kan det setjast vilkår.

På toppen av øya er det i alle fall registrert to areal med den utvalde naturtypen kystlynghei. Det gjeld Haramsøya: Kvamen (Vest for Mannen), BN00019321 og Haramsøya: Vestsida av Ullahornet, BN00019324.

Då dei blei registrert i naturbase var det trong for skjøtsel av desse, og behovet for skjøtsel har gjerne ikkje blitt mindre med åra. Ei godt skjøtta kystlynghei representerer også ein beiteverdi. Beiting med bruk av ungdyr vil ofte vere gunstig for skjøtselen av ei kystlynghei.

Viss det blir gjeve løyve til nydyrking i denne saka, vil det vere sakleg grunnlag for å krevje kompensierende tiltak. Skjøtsel av kystlynghei som er bra for kystlyngheia og som gjev auka beiteverdi, må i så fall vere eit godt tiltak.

Bruk av naturmangfaldlova - Kunnskapsstatus

Vi merker oss at det er vist til ei stor myrundersøking utført for 45 år sidan. Viss kartlegginga av det biologiske mangfaldet hadde hatt liknande omfang og kvalitet, så ville ein truleg ha hatt eit vesentleg betre kunnskapsgrunnlag enn det ein har no.

Når ein handsamar eit areal på 50 000 m², må ein gå ut frå at det finst både planter, fuglar og andre artsgrupper på eit slikt areal. I saksdokumenta er det frå myrundersøkinga referert til myrull som det finst fleire artar av, og det vil ha interesse om det er torvull, duskull eller eventuelt annan art, sidan dei ulike artane seier noko om vekseplassen. Vidare er nemnt bjønnskjegg som har to underartar, ein som går på jordsmonn med noko kalkverknad. Så er nemnt lyng. Der er det nokre artar å velje mellom.


Det er i saka nemnt noko om naturtypar. Det er vist til at det er 36 dekar kystmyr med verdi B. Ved den siste raudlistevurderinga var kystmyr som kartleggingstype gått ut. Det er såleis ikkje kunnskap om myra på staden er av ein type som er raudlista etter Norsk røddliste for naturtyper, 2018. Det er mest sannsynleg terrengdekkande myr, som er ein nedbørsmyrtype i raudlistekategori VU.

Ein kan elles nemne at det i samband med eit vindkraftverk på øya har vore noko kartlegging i området. På kart som inngår i MTA for vindkraftprosjektet er ein del av omsøkte dyrkingsareal merka av som kystmyr. Vindkraftanlegget har elles i betydeleg grad prøvd å ta omsyn til det som finst av kystmyr i området for å unngå å gjere inngrep i ein sårbar naturtype. Vi merker oss også eit lokalt krav om betre kartlegging av natur i samband med vindkraftsøknaden. Det må vere like aktuelt i ei nydyrkingssak.


13 dekar av arealet er «jorddekt fastmark». Den får vi ikkje høyre noko meir om kva kan vere. Det er ikkje usannsynleg at det er hei. Anten det er boreal hei eller kystlynghei, så er det raudlista naturtypar. Nemnt er også lyngmyr. Kva det kan vere i nye kartleggingseiningar er uvisst.

Det blir vidare sagt i vedtaket: «*Det er ikkje registrert raudlista artar eller fornminne i omsøkt område.*» Det er altså klart feil.

På artskart ligg det inne eit polygon som det er knytt registreringar til. Sjølve representasjonspunktet for areal ligg litt aust for vegen, men arealet dekker heile det omsøkte dyrkingsarealet. Knytt til dette arealet er det registrert mellom anna sanglerke som er raudlista VU. Så lenge ein ikkje veit noko anna, må ein rekne med at sanglerke bruker omsøkt areal. Til eit punkt litt lenger nordaust er det knytt ein radius slik at omsøkt område er innanfor. Der er det mellom anna registrert tyvjo NT og vipe EN. Litt mot søraust er det registrering av storspove (VU) delvis innanfor omsøkt område. Alle dei nemnte artane verkar sannsynleg å bruke omsøkte område.



Til venstre kartet som følgde søknaden. Til høgre Artskart der omsøkte areal delvis har blå skravur og tekst Haramsøya. Sjølv om det ikkje er nokre punkt på omsøkte areal, så gjeld fleire av observasjonane rundt eit større areal enn sjølve punktet.



T.v. Omsøkt areal omtrentleg innlagt på kart. T.h. kart frå vindkraftsaka.

Når det gjeld § 8 i naturmangfaldlova, så finst det kunnskap som ikkje er brukt, og på andre område manglar det vesentleg kunnskap. Kommunen si vurdering av dette er ikkje dekkande.

§ 10 er svært aktuell i denne saka. Det er ei form for oppramsing av moment, men vurderinga er mangelfull og merkeleg.

§ 11 er meir aktuell i denne saka enn i mange andre, sidan det kan vere aktuelt med kompensierende tiltak i form av restaurering av t.d. kystlynghei.

Konklusjon

Kunnskapsgrunnlaget har store manglar. Den kunnskapen som finst om fugl er ikkje brukt, og det er ikkje innhenta kunnskap om flora. Raudlistestatus til naturtypene er oversett. Sumverknad er ikkje vurdert. Det er store manglar knytt til vurderingane når det gjeld dyrking av myr. Å unnta saka frå konsekvensutgreiing er klart feil som følgje av at det er raudlista artar og naturtypar i kategori VU eller høgare i området. Vedtaket som er gjort må kjennast ugyldig.

Oppsetjande verknad

Vi ber om at klaga blir gjeve oppsetjande verknad.

Klagen er skriven i samråd med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/ leiar Øystein Folden – Telefon 91812542

Med helsing

Naturvernforbundet i Ålesund og omegn

Louise Thoresen

Leiar

Telefon 90173253

Geir Ole Sætremyr

Styremedlem

Telefon 90854120